

Kjære medlemmar,

20.12.2023

Jula er like om hjørnet og det er tid for både tilbakeblikk og til å sjå framover. Høgdepunkt for faggruppa i 2023 var for det første Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi i Bergen, der det var fullt hus og spennande program. Takk til kongresskomiteen i Bergen! Vi håper alle har fått med seg at neste kongress blir i **Oslo frå 11.-13. mars 2024**. Påmeldinga er godt i gang- og husk at det lønner seg veldig med early-bird pris **innan 15. januar**:

<https://sites.google.com/view/buf-oslo-2024/start> Vi gleder oss til å treffast i Oslo!

Eit anna høgdepunkt var å delta på åpninga av det nye kompetansemiljøet for helsestasjon og skolehelsetjeneste i regi av FHI på Levanger 6. desember. Vi har både stor tru på at dette vil bli eit stort løft for det **tverrfaglege** helsefremmande og forebyggande arbeidet, og har store forventningar til det. Vi har deltatt i referansegruppa for opprettinga av kompetansemiljøet og har spelt inn at det er viktig at stillingar i kompetansemiljøet også er for fysioterapeutar. No har dei utlyst to 20% stillingar der vi som fysioterapeutar kan søke. Og, det MÅ vi, så grip sjansen! Søknadsfristen for begge er **7. januar**. [Rådgiver/seniorrådgiver i 20% - til nasjonalt kompetansemiljø for helsestasjons- og skolehelsetjenesten Folkehelseinstituttet FHI](https://945000.webcruiter.no/Main/Recruit/Public/4739486509?language=nb&link_source_id=0)  
[https://945000.webcruiter.no/Main/Recruit/Public/4739486509?language=nb&link\\_source\\_id=0](https://945000.webcruiter.no/Main/Recruit/Public/4739486509?language=nb&link_source_id=0)

Saman med faggruppe for psykomotorisk fysioterapi har vi tatt initiativ til og gjennomført eit møte med Allmennlegeforeningen, Barnelegeforeningen og Barnepsykiaterforeningen for å bedre samarbeidet om psykisk helse. Dei støtter veldig vårt arbeid med å få fleire fysioterapeutar inn i BUP og kan bidra til å markedsføre vår rolle i sine kanalar. Dei oppfordra oss til å gi beskjed til foreldre om at dei må passe på å krysse av for at fysioterapeut er involvert når dei kjem til BUP og skal få eventuell epikrise. Ellers blir det ikkje oppretta samarbeid. Vi to faggruppene planlegg å invitere til eit møte med ledere i BUP for å informere om korleis fysioterapeutar arbeider med barn og unge og argumentere for behovet for veiledning frå og samarbeid med fysioterapeut tilsatt i BUP.

Faggruppa har deltatt på fleire innspelsmøte med helsedirektoratet om bemanningskalkulator for ungdomsskolen, men dei har ikkje landa eit konkret forslag enno. Faggruppa prioriterer å svare ut høringar og har bidratt i 8 høringsinnspel frå NFF det siste året.

Til slutt vil vi minne om kurs i NUBU i Bodø **26.01.2024**. Spre ordet- det er plass til fleire!  
<https://norskfysiokurs.docebossaas.com/learn/courses/157/nubu-i-bodo> Vi minner også om at faggruppa auka stipendpotten til kr. 50 000 i år. Det er derfor gode mulegheiter for å søke om å få dekt iallefall deler av kursavgifter gjennom faggruppa. I tillegg er det muleg å søke Fysiofondet om dekning av reise og opphald. Så, benytt mulegheitene i desse tronge økonomiske tider!

I haust arrangerte Helsedirektoratet eit [Seminar om samarbeid om barn og unges livsmestring og psykiske helse i skolen - Helsedirektoratet](#) Opptak av webinarer legg [her](#). Følg ellers med på [Tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi](#)

*Med ønske om ei god jul og eit fredfylt nytt år!*

På vegne av BUF-styret, Ingunn Skogseth-Stevens, faggruppeleder